

1. mars 2018

SØKNAD OM KULTURMIDLAR

Sogn og Fjordane Ungdomslag er del av Ungdomslagsrørsla som vart stifta i 1896. Som del av ein leiane kulturorganisasjon i Noreg har vi ansvar for å ta vare på og fornye den tradisjonelle folkekulturen. Sogn og Fjordane Ungdomslag (SOFUL) vart skipa i 1991 etter at Sogn Ungdomslag, Firda Ungdomslag og Sunnfjord Ungdomslag slo seg saman til eit fylkeslag. I fylket har vi i dag 38 lokallag. SOFUL er bindeledd mellom Noregs Ungdomslag (NU) og desse lokallaga i Sogn og Fjordane. SOFUL har positiv vekst i medlemstalet. Vi syner til årsmelding for medlemstal og oversikt over aktivitetane til SOFUL i 2017.

Vi dekker friviljug kulturarbeid og vi bidreg med kursverksemد innan folkedans, folkemusikk revy, teater, idrett og andre typiske klubbaktivitetar for folk i alle aldrar. Einskilde lag i fylket har òg ansvar for kinodrift, som til dømes Fjærland Ungdomslag.

SOFUL er òg viktig for ivaretaking av nynorsk gjennom publisering- og mediearbeit og anna kulturelt arbeid for ta vare på nynorsk som skriftspråk.

HOVUDSATINGSOMRÅDE:

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i mange år vore den viktigaste bidragsytaren for å sikre SOFUL gode rammevilkår for gjennomføring av det årlege arbeidsprogrammet. Det omfattar friviljug kulturarbeid innan folkemusikk, folkedans, scenekunst og ulike vaksenopplæringstiltak.

Med unntak av ei stillinga knytt til Huset i Bygda (HiB), vert det meste av arbeidet til SOFUL utført på dugnad. Økonomiske tilskot, som kulturmiddlar, går eine og åleine til drift av prosjekt og satsingsområda til SOFUL.

- Frå 2010 har hovudsatsingsområdet til SOFUL vore HiB. Det lokale huset i bygda har ein sterk posisjon som samlingspunkt og som identitetsmarkør i mange bygder. Dei lokale kulturbygga er grunnsteinen i mykje av utøvinga av den lokale kvardagskulturen. Men vi må òg vedgå at folk stiller andre krav til fasilitetar, innhald og aktivitetar i forsamlingshusa våre i dag enn kva ein gjorde tidlegare. Formålet med HiB er å hjelpe, støtte og inspirere alle formar for organisasjonseigde kulturbrygg i Sogn og Fjordane. Slik voner SOFUL og HIB å medverke til å skape meir synlege, sterkare og relevante kulturbrygg med allsidig og inkluderande aktivitetar og tilstellingar.

I perioden 2016-2018 har SOFUL/HiB utviklingsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Etter at stillingsprosenten i HiB i fleire år av økonomiske årsaker var redusert til 20 % gjorde utviklingsavtalen det i 2017 mogleg å auke stillingsprosenten og tilsette Christoffer Knagenhjelm i fast stilling. Dei positive erfaringane med HiB i Sogn og Fjordane har gjort at HiB tidlegare har vore drifta som treårig ordning i Hordaland (2014-2016). Frå 2017 er HiB òg til stades som eit treårig ordning i Møre og Romsdal.



Sogn og Fjordane Ungdomslag

WWW.SOFUL.NO
WWW.FACEBOOK.COM/SOFUL/

HiB er òg med å synleggjere og marknadsføre både SOFUL og Sogn og Fjordane som trivselsfylke, og SOFUL ser på HiB som eit særskilt satsingsområde i framtida.

Sjå elles årsmeldinga til HiB for meir informasjon om aktivitetane i 2017.

Samstundes er – og har satsinga på HiB vore krevjande for SOFUL, både når det gjeld tid, arbeidskapasitet og fokus på andre arbeidsoppgåver i laget. Det er viktig at laget òg tek vare på dei andre oppgåvene som fell naturleg for SOFUL. Ikkje minst har vi eit ansvar for lokallaga i Sogn og Fjordane.

- Saman med lokale ungdomslag arrangerer SOFUL bornestemne for dei unge, frå 7 til 14 år, frå heile fylket. Bornestemnet er viktig for utøving og spreiing av folkedans i fylket. Dette er noko SOFUL vil prioriterer sterkare i framtida.
- Jol i Sogn er eit tradisjonsrikt blad som står sterkt i Sogn. Bladet er viktig som kjelde til m. a. lokalkunnskap og dokumentasjon av munnlege historier frå bygdesamfunna, som elles har eller står i fare for å gå tapt. Med unntak av krigsåra har bladet vore utgitt kvart år sidan 1931. Bladet er sterkt forankra, med eigen redaksjon. Samstundes ser vi at erfaringane med Jol i Sunnfjord gjer at vi skal vere årvakne, og at endringar i redaksjonen kan gjere bladet sårbart.
- Jol i Sunnfjord. Bladet vart sist utgitt i 2014, og vart mellombels nedlagt etter at Sunnfjord Museum ikkje lenger kunne ta ansvar for å drifte redaksjonen. At bladet ikkje vert gitt ut, er stort tap for regionen, og styret i SOFUL arbeid med å sette saman ny redaksjon med sikte å få utgitt bladet til jula 2018.
- I 2018 tek vi sikte på å utgje julesonghefte med utvalde tekstar på nynorsk. Heftet vil bli retta mot private, så vel som skuleverk og andre offentlege og private verksemder.
- Auka satsing på scenekunst. Ved å gje ungdom fridom til å våge å uttrykke seg på sine eigne premissar i eit lokalt kulturbygg og å prøve nye uttrykksformer, vil ein vere med på å auke mangfaldet og bulyst i bygdene. Satsing på scenekunst er her viktig ved at ein stimulerer og setter fokus på å verdsette at kultur- og kulturarbeid har eigenvekt. Mange lokale kulturbygg har sterke tradisjonar for ulike former for teater og scenearbeid, og vi registrerer etterspurnad etter kursing og kompetansehevande tiltak til m. a. teater og revyar.

SOFUL har innleia samarbeid med Frilynt/teateralliansen om å halde improteaterkurs for born og ungdom mellom 13-18 år i fylket. Vi er òg i dialog med NU om å starte teaterinstruktørkurs.

For at SOFUL skal kunne halde fram, men òg auke aktivitetsnivået søker vi om 60 000,- i kulturmidlar. I tillegg søker vi om 175 000,- i utviklingsmidlar til drift av Huset i Bygda.

Vi håpar på ein positiv handsaming av søknaden.

Med venleg helsing

Hildegunn Risnes Gjelsvik, styreleiar SOFUL

